LINDÅS KOMMUNE
Byggesaksavdelinga

Bergen og Omland Havnevesen
Postboks 6040
5892 BERGEN

| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
|---|---|---|
| Dykkar: | Per Sveinar Morsund | 20.12.2018 |
| Vår: 18/3607 - 18/37698 | Per.Sveinar.Morsund@lindas.kommune.no | |

# Oversender søknad om dispensasjon for ny plassering og etablering av naust til uttale - gbnr 83/1 - fnr 11 og 2 Spjotøy

| | |
|---|---|
| Tiltak: | Dispensasjon for plassering av naust |
| Byggjestad: | Gbnr: 83/1 - fnr 11<br>og 2 |
| Tiltakshavar: | Arne Birger Nævdal |
| Ansvarleg søkjar: | Arkitekt Mette Kyed Thorson |

Saka gjeld søknad om dispensasjon for byggegrense mot sjø etter § 1-8 i plan- og bygningslova og arealføremål i kommunedelplan for Lindåsosane, Lygra og Lurefjorden for utfylling i sjø for naust med angitt plassering.

Det skal søkast om oppføring av naust med  plassering slik det går fram av vedlegg til søknaden. Det var opprinneleg sett av areal i kommuneplanen merka #10 for plassering av naust.

**Planstatus**
Tiltaket ligg i uregulert område innanfor det som i kommunedelplanen for Lindåsosane, Lygra og Lurefjorden sin arealdel er definert som LNF og areal i sjø.

**VURDERING**

**Kart**

| Utsnitt kommunedelplan Lindåsosane | Utsnitt situasjonsplan |
|---|---|
|  |  |

**Dispensasjon**
Areal inne i vika er merka #10 og avsett til spreidd naustbygging i kommuneplanen. Det går vidare fram av føresegnene at det kan byggast 1 naust i planperioden innanfor #10. Det ligg følgjande retningslinjer til grunn for spreidd naustbygging;

4.34 Naust skal vere enkeltståande bygg/uthus i ein etasje med bruksareal (BRA) inntil 40 m². Eventuelt loftsrom skal ikkje ha måleverdig areal. Knevegg på loft er ikkje tillate. Mønehøgda skal vere under 5 meter målt frå topp ferdig golv. Vindaugsarealet si dagslysflate skal ikkje overstige 3 prosent av bruksarealet (BRA). Altan, utkraging eller terrassar er ikkje tillate. Naust skal ha saltak med ein takvinkel mellom 35° og 45°. Heimel: Pbl § 11-9 nr. 5.

Søkar meiner at avsett areal ikkje er hensiktsmessig for oppføring av naust då det er for grunt innerst i vika og ynskjer difor å endre naustplassering. Endringa krev at det må søkast om dispensasjon frå plan – og bygningslova §1-8 og for utfylling i sjø.

Byggesaksavdelinga i Lindås kommune er positiv til at det kan vurderast endra plassering slik det er skissert i søknad. Det er uansett avsett areal til å byggje naust i vika og ein kan ikkje sjå at endra naustplassering påverkar tilhøva i området negativt. Vi har førebels ikkje teke stilling til om det kan førast opp 2 naust istadenfor 1. Det ligg vedlegg til saka der ein meiner det alltid har vore tenkt 2 naust i området. Byggesak ber difor planavdelinga i kommunen ta stilling til dette spørsmålet då det i arealdelen berre er sett av til bygging av 1 naust.

Sjå også vedlegg til saka. Vedlegga synleggjer tiltaket på ein god måte.

**Frist**
Frist for uttale er 4 veker frå oversendinga, jf. pbl. § 21-5 (3).

Med helsing

| | |
|---|---|
| Siril Sylta<br>avdelingsleiar | Per Sveinar Morsund<br>rådgjevar |

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**
A1 Søknad om dispensasjon
Vedlegg 2, Situasjonsplan
Vedlegg 3, Fasader, nv og sv
Vedlegg 4, Fasader, sø og nø
Vedlegg 6, Søknad om flytting av nausttomter
Vedlegg 5, Endret plassering av naust

**Kopi til:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Arkitekt Mette Kyed Thorson | Kvalen 16 | 5955 | LINDÅS |
| Arne Birger Nævdal | Ådnavegen 25 F | 5260 | INDRE ARNA |
| Kirsten Emilie Nævdal | Tuftadalen 27 | 5265 | YTRE ARNA |

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Bergen og Omland Havnevesen | Postboks 6040 | 5892 | BERGEN |
| Fylkesmannen i Hordaland Planavdelinga | Postboks 7310 | 5020 | BERGEN |